



Karsten A. Haugland mottar instruksjonar frå instruktør Stig A. Hordvik på klatrekurset i fjor.

At fjella og naturen rundt oss er vakker og tiltrekkjer seg mange tilreisande, er ei velkjend sak. Dette vert understreka av at Bergen Turlag si fjellsportgruppe arrangerer i alle fall 3 samlingar og kurs i Uskedalen dei komande månadene. Det viser seg at desse aktive klatrarane kjem att gong etter gong.



I fjor kom dei frå heile landet til klatrekurs i Uskedalen.

Første arrangement i Uskedalen er klatre- og fjellsportsamling der dei inviterer både klatrarar og dei som vil utforska fjella i området til fots. Klatrarane må ha erfaring frå tidlegare klatring. Dette skjer helga 17.-19.juni, og det står at dei 10 første som melder seg, får overnatting i privat hytte.

I veka frå 4. til 10.juli vert det klatrekurs. På dette kurset treng ein ikkje erfaring frå klatring frå før, men ein må vera i bra fysisk form. Første del av kurset føregår i Eikedalen før dei flyttar leiren til Fjellandsbø og avsluttar med å klatra i Ulvanåso. Eg snakka med ein del av deltakarane på tilsvarande kurs i fjor, og dei var svært begeistra for det dei hadde opplevd. Instruktørane og opplegget var svært godt, og kurset vart ei god investering i nye og flotte fjellopplevingar. Uskedelingen Karsten André Haugland var yngste deltakar på kurset, og dei som er interesserte, kan heilt sikkert få god informasjon av han. Det er også rabatt for ungdomsmedlemmer(16-26 år).

Midt i september vert så Basecamp Uskedalen arrangert. På denne samlinga, som også er blitt årviss, ønskjer dei å samla nye og gamle fjellsportarar. Då vert det lagt opp til klatring og til turar i Kvinnheradsfjella. På denne samlinga bur dei og har sosialt samvær på Rabben Feriesenter. Påmeldinga til dette arrangementet opnar 1.juni.

De finn meir informasjon og påmelding til alle arrangementa på [Bergen Turlag si heimeside](#).

I tillegg til desse tre arrangementa veit vi at det vert stor aktivitet i fjella våre. Særleg dronninga blant dei, Ulvanåso, trekkjer mange tilreisande. Dei kjem frå heile landet, ja, frå alle verdenskrokar for å oppleva dei mektige fjella våre. I fjor var eg i kontakt med ein australsk trio som overnatta i fleire veker ved Fjellandbøvatnet, og tok dagsturar i Kvinnheradsnaturen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland